

Hei!

Mail som er sendt til e-postmottakarane i klubbane og Styret i Sogn og Fjordane Bridgekrins.

Krinsen ber om at alle spelarar som skal delta på KM par vert orienterte om innhaldet:

Utbrotet av Koronaviruset gjer at krinsen som arrangør må følge sjukdomsutviklinga tett. Pr i dag ser det ut til at turneringa kan avviklast, men situasjonen kan endre seg raskt, og utsetjing vert då eit aktuelt alternativ. Vi vil vere i dialog med NBF og følgje både deira og offisielle råd.

Spelarar, som er i faresonen helsemessig og av den grunn ikkje kan stille opp, bør snarast ta kontakt med Åsbjørn Hegrenes slik at han kan oppdatere deltakarlista.

Ein nedtur for kretsen er at Tommy Skodje av helsemessige årsaker ikkje kan vere turneringsleiar. I staden vil truleg Åsbjørn Hegrenes og Inge Aasen ta seg av turneringsavviklinga.

Onsdags kveld vil krinsstyret ta endeleg avgjerd, vert det speling eller vert det utsetjing. Info kjem på krinsen si heimeside og på Facebook. Kontaktpersonar når det gjeld info er Willy Myhre, 90192277 Willy.Myhre@hvl.no
Åsbjørn Hegrenes, 97019327 asbjorn.hegrenes@enivest.net
Inge Aasen, 97479551 ingeaasen55@gmail.com

For krinsstyret.

Mvh

Inge Aasen